



Styret med unntak av Siren Simonnes: Alf Eidsvik, Ingunn Myklebust, Oddmund Soldal, Linda Jensen og Anbjørn Høvik

#### Uskedal idrettslag har stor aktivitet og god økonomi.

**Dette er konklusjonen på årsmøtet i Gamleskulen i kveld der både leiar Alf Eidsvik og 2 av dei andre i styret som var på val gjekk på ein periode til. Det var Ingunn Myklebust og Oddmund Soldal. Janne Yri vert erstatta av Siren Simonnes medan Anbjørn Høvik og Linda Jensen ikkje var på val. Styret konstituerer seg sjølv i det fyrste møtet sitt og det omfattar også leiaren. Alle er valt for 2 år.**

Eit negativt faktum var imidlertid at berre 12 av dei 232 medlemene eller rundt 5 prosent møtte fram på årsmøtet.

Medlemskontingenten er uendra i 2013 og er 1300 for familiar, 500 for medlemmer over 18 år og 300 kroner for yngre medlemmer. Det vart streka under at kontingenten er låg og bør frista fleire, særleg ettersom det ikkje er nokon andre avgifter for å vera med i laget.

Som i fjor drøfta årsmøtet om det skal innførast støtte-medlemskap og det gjekk inn for ei ordning med ein sats på 300 kroner. Styret skal finna fram til ein god måte å gjennomføra dette på.

Rekneskapan viste eit overskot på 56 257 kroner medan eigenkapitalen ved årsskiftet var 622 529. 300 000 av dette er bunde som alsjekapital i Aktivitetshuset. Den klart største sponsoren er SPAR med 30 000 kroner. Det har vore nøktern drift i alle gruppene og gode inntekter på arrangementa. Undergruppene er godt organiserte og styrer seg sjølve effektivt.

Anlegga var også i år eit årsmøtetema som vart berørt og det vart understreka at arbeidet med å rusta opp Heio og då ikkje minst klubbhuset og kiosken må halda fram. Til dette føremålet må ein finna fram til ymse finansieringskjelder. Då kommunen ikkje ville bidra med å vedlikehalda grasmatta tok Steinar Haugland jobben og det har fungert bra. Arbeidet med å gjera grusbana meir attraktiv og brukarvenleg er igang og det vert satsa på å få ein ballbinge i området

Odd Steinar Arnesen leiar fotballgruppa og kunne opplysa at det no er 89 aktive spelarar, men det er eit problem å rekruttera dommarar.

Steinar Haugland meldte frå turgruppa at rutenettet stort sett er i god stand men treng litt ny maling. Eit samarbeid med KV om premiering av klassane vart ein stor suksess.

Turngruppa har rundt 100 medlemmer fordelt på 6 partiar og det heitte i årsmeldinga at det er ein god og variert gjeng. Utfordringane i denne som i andre grupper er å få folk til å styre dei ulike partia, men det ordner seg som oftast til slutt.



Steinar Haugland leiar turgruppa

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ole Vidar Monsen leiar ski og friidrettsgruppa



Odd Steinar Arnesen leiar fotballgruppa